

ÅRSMELDING 2023

VALLDAL IDRETTSLAG

Styret 2023

- Magne Eivind Glomnes leiar
 - Odd Lennart Vikene nestleiar
 - Lars Petter Hauge kasserar
 - Monika Høydal Lingaas skrivar
 - Johnny Gjerde styremedlem, ansvarleg klubbhus
 - Vibeke Valdal Myeza nestleiar friidrett/trim
 - Jan Ole Fuglem leiar ski
 - Peder Linge leiar fotball
 - Richard Moen leiar disksport
-
- Børge Heggen Johansen 1. varamedlem
 - Liv Marit Indreeide 2. varamedlem

2023 var eit normalår med tanke på moglegheit for aktivitet.

Årsmøte - styrearbeid

Det har vore gjennomført 5 styremøte i 2023 med totalt 50 saker på saklista. I tillegg har det vore tre møte i arbeidsutvalet. Alle styremøte har vore gjennomført på klubbhuset. 1.varamedlem er alltid innkalla og møter vanlegvis på styremøte. Årsmøte for 2022 vart gjennomført 23. mars 2023 på klubbhuset. Det lukkast ikkje valnemnda å finne ny leiar og det vart halde forsetjande årsmøte 12. april.

Skylagring og heimeside

Det er mogleg å logge på klubbadmin og lagre dokument der, mappestruktur og ansvarsfordeling er blitt diskutert men ikkje komen heilt igong i 2023. Referat frå styremøte og annan informasjon må i tillegg vere tilgjengeleg på heimesida. Bruk av heimesida har elles vore for tilfeldig, men den bør brukast meir aktivt. Det same gjeld idrettslaget si facebookside. Gruppene sine facebooksider fungerer bra.

Medlemmar

I 2023 var det 270 betalande medlemmar. Tendensen har vore synkande, men det har blitt litt fleire siste to åra. Det er ikkje mange år sidan medlemstalet var godt over 300. Det har vore fokus på å gå gjennom medlemslistene og syte for at dei som er aktive har betalt medlemskontingent for 2023. Det er framleis ei utfordring at ikkje foreldre/føresette melder seg inn saman med barna. Det skal ikkje vere aktive i idrettslaget som ikkje betalar medlemskontingent. Konsekvensen, Jf. vedtektene, må vere at dei som ikkje betalar får sletta medlemskapet og ikkje kan delta på organiserte aktivitetar som idrettslaget tilbyr.

Laget brukar Klubbadmin for registrering av medlemskap, innkreving av kontingent og oppfølging av betaling. Gjennom Klubbadmin ivaretek laget også krava om personvern ved registrering og handtering av medlemsopplysningar. For nokre medlemmar kan det vere ein ”terskel” å bruke MinIdrett, men det er fullt mogeleg å tilpasse og avtale utsending av medlemsfaktura og framleis vere innanfor regelverket.

Valldal idrettslag har fem æresmedlemmar; Inger Aufles, Hans Martin Gjedrem, Anneli Rem, Lars Ivar Henriksen og Einar Hoel.

Representasjon

Valldal IL har delteke i dialogmøte for frivillige lag i Fjord kommune. På årsmøte i Fjord idrettsråd møtte Lars Petter Hauge og Magne Eivind Glomnes. Einar Hoel er leiar i idrettsrådet

Bygg og anlegg

I 2023 har det ikkje vore utført store arbeid med anlegg og utbygging.

Anlegg for ski og skiskyting

Arbeidet med realisering av nytt skiskytteranlegg på Grønningseter/Høghjelle held fram. Arbeidet har fått god og stor oppslutning.

Kunstgrasbana

Det er viktig å halde jamt tilsyn og vedlikehald med bana, ideelt kvart 3. år.

Klubbhuset

Det har no sett inn varmpumpe også oppe i salen. Med varmpumpe både i kjellaren og oppe sikrar ein jamnare temperatur i huset. Det er satt inn reolsystem i garasjen. Det er kjøpt inn ny skrivar.

Hjartestartar

Hjartestartaren er plassert ved inngangen på Nordsida av klubbhuset. Den er registrert i hjartestartarregisteret.

Hoppbakkar på Myklebust

Metall og diverse vart fjerna frå hoppbakken våren 2022. Det gjenstår litt arbeid som ikkje vart gjort i 2023. Dette må prioriterast å få fullført i 2024.

Valldal stadion

På årsmøtet 2021 vart det vedteke å starte arbeid med utgreiing av fast dekke frå friidrettsdelen på Valldal stadion. Dette har diverre ikkje kome i gang enno. Valldal idrettslag har fått tilbod om å kjøpe festetomt 10/1/4 Valldal stadion. Dette er ei sak som styret legg fram for årsmøtet i 2024.

Ressursgruppa

Gruppa har også i 2023 utført diverse oppgåver ved klubbhuset og på stadion, men dei har mangla ein del konkrete oppgåver og derfor ikkje vore der så mykje som det kunne blitt. Det er viktig at denne gruppa får ulike oppdrag dei kan utføre utifrå talet på personar som er tilgjengelege. Ressursgruppa vart invitert til samling i starten av desember og fekk då blomsterhelsing og kake som takk for den jobben dei gjer. Valldal IL takkar igjen ressursgruppa for den innsatsen dei gjer for idrettslaget.

Stiar og råser i Valldal

Valldal idrettslag har avtale med kommunen om skilting og rydding av råser i bygda. I dette arbeidet ligg det også å utarbeide ein skiltplan. Det vart oppnemnd ei arbeidsgruppe som så vidt starta arbeide i 2021 og som har arbeidd vidare i 2022 og 2023. Det er sendt inn tippemiddelsøknad på dette i 2023.

Allidrett

Allidrett, har funne stad kvar onsdag i starten av året og vidare etter haustferien i 2023. I januar og februar var det tilbod også på stadion der skigruppa var med og organiserte. Det er framleis midlar frå tilskot frå Sparebanken Møre til formålet som har vore nytte til å betale

unge instruktører. Tre elevar frå idrettslinja på Stranda vgs har teke seg av instruksjon og leiing. Dagleg leiar i idrettslaget har administrert. Om lag 20 barn i alderen 6-9 år har vore med, men oppslutninga har variert frå gong til gong.

Tilsette

Olav Løvoll er tilsett som dagleg leiar i 30 % stilling. Dette er ei stilling som skal avlaste styret og også gruppestyrer med ein del oppgåver og vere med å utvikle Valldal idrettslag. Hedda Myklebust Vestre er tilsett som reinhaldar på klubbhuset. Anders Rem utfører ein del førefallande arbeid på klubbhuset.

Arrangement

Bygdafesten på Martin Linge Huset vart igjen arrangert i 1. april og Valldal idrettslag stilte med 18 personar til ulike oppgåver.

Marknad vart halde 25.mars og det var bra oppslutning.

Mefjellet opp vart arrangert 23. juli 2023. Etter nokre år med løp i slutten av juni valde vi å flytte dette tilbake til opprinneleg tidspunkt ei veke før olsok. Det var ei gledeleg auke i deltakartalet samanlikna med året før, med 77 deltakarar i konkurranseklassa og 94 i mosjon.

Olsokarrangementet 29. juli 2023 vart arrangert som i 2022 ved at lag og organisasjonar vart inviterte inn til å delta i arrangementet. Valldal Lions-club, Valldal Hornmusikklag, Valldal Bygdekvinneleg og Valldal Helselag var medarrangørar, der dei ulike laga hadde ansvar for ein aktivitet kvar. Laga fekk inntekter av eigen aktivitet.

Jordbærdilten og minidilten

Jordbærdilten er fast aktivitet på programmet i olsokhelga. Det starta med Minidilten, der heile 122 barn i alderen 2-10 år deltok og fekk medalje. Etterpå var det 49 deltakarar i konkurranseklassa og 76 i trimklassa utan tid, fleire deltakarar enn i 2022.

Lotteriinntekter var felles inntekt og delt likt mellom laga.

Sponsorinntektene vart hovudsakleg inntekt for Valldal idrettslag.

Økonomi

Samla rekneskap for 2023 viser eit negativt resultat på 102 756. Hovudlaget hadde eit underskot på 32610 kr. Det er ulike grunnar til det.

- Monteringa av varmepumpe oppe.
- Høgare straumutgifter.
- Reolar i garasjen
- Rør i lysløypa på Myklebust

Det har vore gode faste inntekter frå kulturmidlar Fjord kommune, Grasrotandelen frå Norsk Tipping, lokale aktivitetsmidlar, mva kompensasjon i 2023. I tillegg er det gode inntekter frå sponsorar og støttespelarar og leigeinntekt på klubbhuset. Straumstøtte i vinter.

Samla innestående på konto og i kasse pr 31.12.23 var om lag 1,8 mill kr. Av dette utgjer gåvekonto til nytt anlegg på Grønningsæter/Høghjelle 610 008 kr.

Sjå detaljar i balanse og driftsrekneskap i rekneskapen for 2023.

Vi vil takke alle som støtta og hjelpt Valldal Idrettslag også i 2023. Mange firma og andre, både lokalt og i regionen, stiller opp når det er spørsmål om å bidra. Det er også stor grunn til å takke alle som tek på seg verv, leiarar og trenarar, dei som står i kiosk og kafe, dei som organiserer og hjelper til på arrangement og utfører større og mindre oppgåver. Kvar og ein er viktig for at idrettslaget skal fungere.

ÅRSMELDING 2023 – Valldal IL Disksport

Styret

- Richard Moen (leiar)
- Terese Jemtegård Moen (kasserar)
- Bjarte Grønningsæter (styremedlem)
- Henrik Engeseth Andersen (styremedlem)
- Linda Frostad Lødøen (styremedlem)

Styrearbeid

Styret har berre hatt eitt møte i 2023 og det var 2. mars.

Tal på medlemmar og aldersfordeling

Gruppa har 26 registrerte medlemmar, fordelt på sju kvinner og 19 menn. Vi har to personar i alderen 13-19 år, fem i alderen 20-25 år og 19 i alderen 26 år og oppover.

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Klubben eig 18 utkastskilt, tre faste korger, to flyttbare korger og seks utkast. Vi har også eit dobbeltskap på Martin Linge-huset med fangnett, radar fartsmålar og 29 diskar. Så har vi 50 Disksett vi har tenkt å dele ut til 5. klassingar i åra framover. I tillegg har vi også ei ryddesag og ei teleskopisk greinsaks. Det har vore fortløpande dugnadar gjennom sesongen.

Arrangement

Vi har gjennomført Vekas runde (25 gongar), Søndagsrunden (21 gongar), Vårslepp, Jemtegård Open og klubbmeisterskap. Det var 60 deltakarar på Vårslepp og 59 deltakarar på Jemtegård Open. Klubbmeisterskapet (18 deltakarar) var den offisielle avslutninga på sesongen, med brus og pizza til både deltakarar og familie.

Aktivitet, trening, konkurransar

I sjølve sesongen har det vore mange som har bruka banen. Noko av grunnen til det kan vere at banen vår er rangert som topp 10 blant landets 200 registrerte baner, i følgje Udisc.com! Vi har trena putt og nærspel i Martin Linge-hallen om vinteren.

Resultat

Terese og Henrik blei klubbmeistrar for kvar sin klasse. Richard vann Vekas runde og Søndagsrunden.

Økonomi

Robust Regnskap og Revisjon AS sponsa oss med totalt 15.000 kroner, Hofseth med 12.000 kroner og Sparebanken Møre med 10.000 kroner. Mykje av desse pengane gjekk til Jemtegård Open og Vårslepp, men ein del gjekk også til innkjøp av bensin og utstyr.

Gruppa hadde per 31.12.22 innestående på konto 34.641,97 kroner. Vi har hatt kostnader på 52.769 kroner og inntekter på 65.000 kroner. Dette gjev eit overskot på 12.232 kroner. Vi har per 31.12.23 innestående på konto 62.964,88 kroner. 16.090,91 kroner er interne føringar i laget.

Valldal 25.02.24

Valldal I.L. fotball

ÅRSMELDING 2023

Styre

Caroline Bertha Remset, styremedlem
Tanja Mari Brevik, styremedlem
Terje Hoel, styremedlem
Frode Myren Døving, nestleiar og sekretær
Peder Iver Linge, kasserar og leiar frå september

Trenarkordinnator- Odd Lennart Vikene
Dommaransvarleg - Anders Rem
Baneansvarleg – Anders Rem
Drakt og utstyr – Tankja Mari Brevik
Kiosk - Caroline Berta Remseth og Tanja Mari Brevik
Dugnadsansvarleg –
Fair Play ansvarlig -

Styrearbeid

6 styremøter og 1 lagleiarmøte
En frå styret har møtt i hovudstyremøter
Saker som styret har jobba med

- Trenarkabal
- Arbeidsplan
- Stadionreklame
- Påmelding
- Fiks
- Støtte til lag på cupar/turnering
- Drakter og utstyr
- Miniturnering

Tal på aktive,

Det var ca 75 aktive barn og ungdom, ca 15 herrespelarar. 7 barne og ungdomslag, 1 herrelag lag og 12 trenarar.

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald –

Dugnadsoppgåver har vore fordelt til laga.
Kiosken har vore open på heimekampar.
Det var kjøpt inn ein del nye drakter før sesong.

Aktivitet, trening, konkurransar

G/J 7-8 deltok på miniturneringar
J11, J14, G10, G 14, G16 deltok i seriespel.
J14 og G14 deltok også på Norwaycup
Vi arrangerte miniturnering for G8, 18 lag deltok.
Grendacup på ML huset i romjula.
Alle laga har hatt faste treningstider på ML huset og KGB

Økonomi

Regnskapet for 2023 viser eit underskudd på kr 34097,- . Det er i hovudsak kostnader til idrettsaktivitet som er større enn budsjettert. Saldo på konto var 31.12.2023 kr 536682,-

ÅRSMELDING 2022 VALLDAL IL - SKI

Styret-

- Jan Ole Fuglem Leiar ,
- Anne Gry Myklebust Vestre Nestleier;
- Geir Arne Myren Kasserer,
- Ragnhild Bjørstad Vikene Styremedlem,
- Terje Nerhus Styremedlem
- Per Jomar Nerli 1 Vara (møter fast)
- Hans Martin Gjedrem 2 vara

Følgende arbeidsgrupper har fungert siste år

Trakkemaskingruppe

Terje Hoel
Fridjon Døving
Lars Petter Hauge
Aksel Indreide
Cristopher Schonfeld

Skikafe/premienemnd

Anne Gry Myklebust Vestre
Ragnhild Bjørstad Vikene

Treningsnemnd

(langrenn/skiskyting)

Jan Ole Fuglem
Per Jomar Nerli
Anne Gry Myklebust Vestre
Tina Fuglem

Tilsynsnemnd Lysløype

Aksel indreeide
Terje Nerhus
Magne Hoel

Rennavvikling

Anne Gry Myklebust
Jan Ole Fuglem

Nettside

Magne Eivind Glomnes

Anleggsnemnd skiskyting

Jan Ole Fuglem
Per Jomar Nerli
Hans Martin Gjedrem
Anne Gry Myklebust
Olav Løvoll

Programbladnemnd

Per Jomar Nerli

Sonekontakt

Jan Ole Fuglem

Styrearbeid-

Styret har møter etter behov men jobber godt gjennom hele året. Gruppen fungerer fint oppgaver løses ved behov. Det er avholdt to styremøter i løpet av året 2023

Representasjon-

Sesongen (høsten) 2020 har Valldal il hatt løpere på kretslag og Storfjordlangerenn og team Nordfjord.

Kretslag, Laurits Linge Glomnes

Storfjordlangrenn; Vilja Fuglem, Hedda Myklebust Vestre og Heine Fuglem

Team Nordfjord Rekrutt ;

Tema Nordfjord (Styrn VGS) Elida Fuglem og Eline Mathea Myren

Aktive-

ca 25 - 30 aktive er på trening fast i topp sesong som er november - mars. Aldergruppe 1 - 10 klasse. På skisyttertreninger er vi i alt 13 aktive frå 4 klasse og eldre. To aktive på juniorsida i skiskyting og 1 i langrenn. Fleire ivrige «birkebeinera».

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehold-

Det trakkes løyper ved behov og det varierer i hvor stor grad vi må kjøre løyper på reservearena eller på Omnos. Driftsutgiftene til trakking er store og det jobbes for å få på plass bedre økonomi som sikker trakking av løyper. Det jobbes for å realisere nytt anlegg for Skiskyting og reservearena for langrenn. Nester trekk her er å få levert dispensasjonssøknad på nytt for å få dispens for området dere skiskyttterstandplass skal ligge. Løypenettet er betydelig utbedret og kan benyttes ved vesentlig mindre snø en før. Gjennstår noe grøfter og planering. Trakkemaskina er i godt vedlikehold og fungerer bra, Skjeldalfres brukes i størst grad høst ved tidlig snø. Det er kjøpt inn noke treningsutstyr dei siste åra. Laget har om lag 20 par skøyteski og 12 par rulleski til utlån. Gruppen eig sju skiskytttervåpen og to skivekikkerter. Vedlikehold trakkemaskin gjøres på dugnad. Vedlikehold lysløype årlig ved behov.

Arrangement-

Laget arrangerte 4 cup renn i Storfjordcup, ett sonerenn downhillcross og ett SBM cuprenn langrennscross distanse. Årets største arrangement ble skifestivalldal med 132 deltakere , langrennscross runderenn for dei små og valgfrie distanser 2,5 , 5 og 10 km i runder a 2,5 km for dei større. Det ble en skifest.

Aktivitet, trening, konkurransar-

Det har også i sesongen 2023 vore høg aktivitet i laget.

Vi startet opp med treninger for 1 klasse og eldre frå skulestart. Første del av høsten består av rulleskitrening/ rulleskileik. Barmarksperioden går frå høstferien til snøen kjem og når vi har snø er det full fart på ski. Styrketrening i MLH har vi frå høstferie til vinterferie.

Tirsdager skitrening. Deltakere i utvalgte renn, fjorårets tall ().

- Midt Norsk langrenn: o (1) løper
- Hovedlandsrenn langrenn 1 (1) løper.
- Midt Norsk Skiskyting 13 år og eldre 4 (5) løpere
- Hovedlandsrenn skiskyting 2 (2) løper

- Liatoppen skiskytterfestival , 12 (11)
- Ungdomsbirken 3 (4) deltakere
- Birkebeinerrennet 3 ()deltakere
- NM rulleskiskyting 1 (2)
- Antall startende i SBM cup 11 år og eldre 8 løpere frå VIL
- Skifestivalldal 0 – 10 år 85 stk 11 år og eldre 50 stk. totalt 135 stk
- Antall startende i SF cup frå Valldal 46
- VM skiskyting 19 stk inkl dei frå andre klubber

Resultat –

Økonomi

Hovudtal	2019	2020	2021	2022	2023
Inntekter	304 703	220 878	240 175	175 559	190 946
Utgifter	367 089	141 381	141 381	241 429	229574
					-38 396

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank kr 21 168.- (drift) 609 000 .- (anlegg)

I tillegg har skigruppa verdier i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Skigruppa har pr 31.12.20 kortsiktig gjeld på kr 0 langsiktig gjeld 0.-

”Verd å nemne”

Det er kjekt å sjå at en del av dei som har vært med på ski og skiskyting oppover deltek på junior nivå. Årets beste prestasjon var Elida Fuglem som tok 2 plass i Norges cup sprint i Stryn. Eline Mathea og Elida tok en 4 plass i parstafett under Asko cup i Stryn.

Skigruppa, styret

ÅRSMELDING 2023 FRIIDRETT OG TRIM

Styre:

Magne Eivind Glomnes, leiar

Vibeke Valdal Myeza, nestleiar

Jacek Wilczura, styremedlem

Jürg Barthel, kasserar

Øyvør Grue Berdal, styremedlem

Varamedlemar: Anne Merete Øybrekken, Anne Mette Rem, Oddbjørn Myklebust, Ivar Hoel.

Styrearbeid:

Det har vore to styremøter i 2023, elles har det vore kontakt via messenger.

Tal på aktive, aldersfordeling

Talet på aktive deltakarar er relativt stabilt. Det er særleg god oppslutning i dei yngste klassane på friidrettscupen. Totalt var det 42 som har delteke på meir enn tre arrangement i løpet av sesongen, og det er det same som året før. På trimarrangement og fjelltrimmen har det vore om lag som i fjor.

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Det har ikkje vore gjort noko i høve anlegg, drift og vedlikehald i 2023.

Arrangement:

Fjordstafetten

Etter ein «koronapause» på tre år vart det igjen stafett mellom idrettslaga i kommunen.

Den tidlegare Norrdalsstafetten vart omdøpt til Fjordstafetten og endra format.

I staden for reine gutelag, jentelag, herrelag og damelag vart det no ein gut, ei jente, ein mann, ei dame og ein veteran på kvart lag. Dette vil gjere det lettare for alle å stille lag.

I tillegg vart det ein eigen barnestafett for 12 år og yngre med fire etappar og samanlagt alder maksimum 45 år.

Den aller første Fjordstafetten vart arrangert på Valldal stadion 22. april 2023. Det var fem lag i barnestafetten med Valldal IL som vinnar, og sju lag i hovudstafetten der Norrdal IL tok sigeren.

Sykeltrim

1. mai vart det arrangert sykkeltrim med 103 deltakarar. Dette er litt færre enn tidlegare, men det var eit litt surt og kaldt ver som nok hindra større deltaking.

Friidrettscup

Det vart også dette året arrangert fire friidrettscupar på Omnos, to før sommarferien og to etter. Totalt 42 barn fekk samanlagtpremie for deltaking i minst tre av cupane. Det er det nøyaktig like mange som i 2022, og vi håper på endå fleire deltakarar i 2024. Faste øvingar er 60-meter lengdehopp og ballkast, og ein litt lenger løpedistanse til slutt.

Trimpostar

I 2023 var det heile 30 trimpostar å velje mellom, frå Vardefjellet til Skarvfjellenden og Reindalssetra. Dei fleste nyttar seg av elektronisk tur-registrering gjennom georeg.no. Registreringa er gratis, men vi oppmodar alle som nyttar seg av trimpostane om å kjøpe trimkort for å dekke kostnadane med drifta .

21 barn og 42 vaksne leverte trimkort og er med i trekninga av premiar. Trekninga blir gjennomført i starten av neste fjelltrimsesong, i samband med sykkeltrimmen 1. mai.

Ribbemarsj

Berre 14 personar møtte opp på ribbemarsjen i romjula, og vi må stille spørsmål om det er verdt å arrangere dette i framtida.

Sommararrangement

Mefjellet opp og minidilten/jordbærdilten vart arrangert dei to siste helgene i juli. Desse arrangementa blir arrangert av heile idrettslaget og er omtalt i årsmeldinga til hovudlaget.

Aktivitet, trening, konkurransar – og resultat

Det har ikkje vore gjennomført organisert trening i 2023. Nokre løparar har delteke på konkurransar på landeveg, terreng eller motbakke.

Økonomi:

Rekneskapan viser eit underskot på kr. 9935 i 2023.

Kretskontingent på kr. 4000, premiar totalt på kr. 26.000 og utgifter ved arrangement på i overkant av kr. 5000 utgjer utgiftene. Inntekter frå arrangement utgjer kr. 31.000. Det er ikkje overført noko frå hovudlaget i 2023.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på ulike arrangement og turmål i 2023.

Valldal 4. mars 2024

Friidrett og trim, styret

Magne Eivind Glomnes, Vibeke Valdal Myeza, Jacek Wilczura, Jürg Barthel,
Øyvor Grue Berdal,